

Vik skule og barnehage
5568 Vikebygd
Vikevegen 1266
Tlf. Skule: 53655730
Barnehage: 53655739
Dato: 12.06.17



Referat frå møte i samarbeidsutvalet Vik skule og barnehage 12.06.17

Desse møtte:

2 elevrepresentantar: Vilde H. Tindeland og Undine H. Tindeland

Frå FAU på skulen: Gudvin Hetland og Ole Petter Bjerga

Frå undervisningspersonalet: Judith Gundersen

Frå andre tilsette: Hjørdis Marie Vårvik

Frå foreldrerådet i barnehagen: Lina Fisk Eide og Cathrine H. Tindeland

Frå tilsette i barnehagen: Ellen Skretteberg og Anne Byrkja

For kommunen : Anne Marte W. Tveit og Johannes Hustveit

SAKSLISTE:

Sak 1 Informasjon om personal og budsjettsituasjon neste skule og barnehageår.

Me går ned noko i personalressursar. Det blir noko nedgang i personalressursar både på skule , SFO og i barnehagen for skule og barnehageåret 17-18. Bergfrid Kolltveit skal ha stillinga som hovudtillitsvald i UDF og skal difor ha 60% redusert stilling i to år og Sandra M.B. Sælemyr er tilsett i vikariat. Me har overtallig fagarbeidar/ assistentstilling og må redusera med med 40% stilling. Hjørdis Marie Vårvik får difor tilbod om del av stillinga på anna arbeidsplass i kommunen. Me har godt kvalifisert personal i alle stillingar.

Budsjettsituasjonen er ok.

Sak 2 Referat frå møte i barnas kommunestyre

Vilde og Undine Hamre Tindeland er i år Vik skule sine representantar i barnas kommunestyre. Ei av sakene på kommunestyremøte i vår var bevilling av pengar til ulike tiltak på skulane. Eg tar med litt av referatet frå denne saka:

Sak 15/16 – 17 Skulane presenterer sine søknadar om bevillingar

Varaordfører gav så ordet fritt, han ønskte å høyra representantane si vurdering om ein skulle gå til avstemming over desse 3, eller om det var andre framlegg.

Det som vidare skjedde gjorde inntrykk:

Vik skule hadde snakka varmt for at dei hadde stor trong for eitt balansebrettet med hjul («SwingCart») til ein elev ved skulen. Prisen for eitt slikt brett er kr. 3700,-

Imsland skule føreslo at dette burde ein få til innanfor ramma ved at dei som fekk tildelingar reduserte litt på sitt.

Vikedal skule føreslo då å ta kr. 1000,- frå kvar av dei som var stemt fram, og så ta resten frå reserven.

Ølen skule repliserte at dei kunne ta kr. 2000,-, sidan dei visste om eit rimelegare tilbod på ein av leikane sine. Dei to andre skulane kunne redusere med kr. 500,- kvar og resten kunne takast frå reserven.

Imponert varaordførar og skulerådgjevar las raskt at stemninga i salen gjekk i favør av denne løysinga og etter ein kort diskusjon blei framlegget lagt fram til votering.

Framlegget frå Imsland, Vikedal og Ølen blei samrøystes vedteke.

Flott jobba av Vilde og Undine. Nå er SwingCarten i bruk på skuleplassen.

Sak 3 Gjennomgang av systemrevisjon gjort av Senter for Miljøretta Helsevern.

På Vik skule og barnehage har det vore utført systemrevisjon etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Me gjekk gjennom rapporten og såg på dei korrigerande tiltaka som er gjort, og på det som framleis ikkje er ordna.

Det me framleis ikkje har ordna er:

Mangler trinn 2 målinger for radon

Gulvbelegg legges i budsjett, trenger bekreftelse

Kasserollevern må på alle ovner

Legionella dokumentasjon, NB dette skal dokumenteres med målinger. Oppdatert rutine bør sendes til MRHV
Måling av inneklima

Kasserollevern er under arbeid og dei andre sakene skal teknisk avdeling ordne. Det er bestilt nye målingar av inneklima, og radon-målingar skal bli tatt til hausten.

Forebygging og dokumentasjon av legionellaforebygging må kommunen få ny rutine på. Ein må mellom anna bruke varmare vatn til gjennomspyling.

SU såg på INOSA-verktøyet der alt som gjeld kvalitetsarbeid og miljøretta helsevern for skulen og barnehagen nå er samla. Her må alle tilsette gå inn og krysse av for at dei har lese alle prosedyrar, regler og informasjon. SU var nøgd med verktøyet, særleg at det var mange bilde frå eininga som viste kor ting var, t.d. førstehjelpsutstyr ulike stader i bygningane, kor glutenfri mat står osv. Det blir då enklare å lese å hugse.

Sak 4 Elevundersøkinga

Me gjekk gjennom elevundersøkinga for skuleåret 16-17. Resultata var jamt over gode. Elevane meiner at dei trivest, jobbar bra med skulearbeid, får litt hjelp til skulearbeid heime og opplever så godt som ikkje mobbing.

Anne Marte W. Tveit

skrivar